

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bremanger

Emne: Lauving.

Bygdelag:

Oppskr. av: Alv Övrebotten.

Gard:

(adresse): Kjelkenes.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Dersom det er nokon sers, går det fram av svara.

SVAR

Det er ikkje alle stader i Bremanger at dei har skog til å lauve. Men der det er lauvskog, har dei lauva frå gamalt av. Dei rekna med lauv til for når dei sette på om hausten. Ved hundreårsskiftet lauva dei årvisst, sidan hardet minka litt etter litt. Etter forrige verdskrig kan ein seie at her ikkje har vore lauva så mykje at det er nemnande. Eit unnatak var turkeåret i 1933, då dei fekk 1/5 til 1/3 av vanleg høyavling. Då vart her nok teke ikkje så lite lauv.

A.

1. No lauvar dei ikkje meir. Men dersom det er eit tre på innmarka som skal hoggast likevel, hogg dei det gjerne på ei tid då dei kan få nytte lauvet.

Ein kan rekne med at det vart slutt mellom 1910 og 1920.

2. Dei hadde to tider på året då dei lauva. Om våren omkring jonsok, nårkarane tok bork og hogg bjørkene ned, var kvinnfolk og born av og tok lauvet.

Sjølve lauvinga var etter slåtten. Dei tok lauv av bjørk, rogn, osp, ore, lind, selje og vierrunn, og der alm fanst, lauva dei den og. Dei tala om å gå stad å lauve, og sume tider å gå på lauskogjen.

3. Dei nytta berre vanleg sigd, og hadde dei ikkje nok sigdar, kunne dei ta ein ljå eller to. Noko sers reiskap til å böye kvistene ned med har eg ikkje høyrte om. Lauvet av alm vart rispa med hendene.

4. Före slåtten hogg dei ned trea. Etter slåtten hogg dei ned tre som skulle fellast likevel. Almen nava dei. Det vil seie at dei hogg av alle greinene, og så vaks det ut mange fleire greiner. (Nave -nava (r), - nava - har nava).

Dei nava og bjørk og ore, men det vart gjort på ein litt annan måte. Dei hogg av stammen eit stykke oppe, slik at det vart verande att litt greiner. Almen nava dei kvart femte år. Trea skulle helst vere i fred når dei ikkje vart nava. Dei einaste tre som vart haldne for sers verd, var almen, for han er nokså sjeldsynt. Vill veks han berre i Nordgulen. I Botnane var der for 30-40 år sidan berre ein einaste alm. Eg veit ikkje om han står endå.

2

5. Alt lauvet vert kjerva. Det hende at dei kunne skjere lauvet og leggje det i bör ukjerva og bar det heim. Då vart det kjerva heime på tunet. Det vanlege var at dei kjerva etter kvart som dei lauva. Så la dei kjerva i bör og bar det heim. Var veret trygt, kunne dei late lauvet turke på staden ein dag ellers før dei bar det heim. Lauvet skulle helst turke under tak. Dei ville ikkje ha regn eller dogg på lauvet som var heime. I skogen vart det ikkje så mykje dogg.

Når dei kjerva ore- eller ospelauv, ville dei helst ha greiner av rogn eller björk til band kring kjerva. Desse var seigare.

Dei brukte gjerne ei klöfta grein til å ha kring kjer- vet. Så la dei lauv i klöfta og tvinna dei granne grei- nene om kvarandre og innunder att.

Surlauv er ikkje kjent her.

6. Alt lauv vert bore heim rått eller halvturt. Det vart bore i vanleg böratau.

Dugnad har ikkje vore brukt her.

7. Dei lauva både i innmark og utmark. Karane hogg trea ned og kvinnfolka lauva.

8. Dei hadde helst ein sers lem i löa til lauvet. Men dei åra dei laut lauve mykje, breidde dei det utover höystålet.

Det var kyr og sauer som fekk lauvet. Nokon regel om kor mykje dei skulle få, er her ikkje nokon som veit noko om. Det var ymse med storleiken av kjerva, og så ymsa det etter kva anna dei hadde til for.

9. Almelauf var det beste, men det fekk ikkje kyr og sauer noko av. Björkelauv var best av det vanlege.

10. Almelaufet rispa dei med hendene. Dei hadde det i sekker og turka dei i löa. Så slo dei heitt vatn på og gav grisen det. Dette har til dels vore brukt i dei sei- nare åra på Dyrstad. död for omlag 30 år. s.

Dei fortel om han Hans i Sandvik (Midtgulen) at han rodde til Sande etter han var vorten kårman, og rispa almelauf til grisemat.

11- 15. Samlauving har ikkje vore brukt her. Kvar lauva på sin teig.

B.

Det einaste lauv som vert raka saman til for, er der dei har ask på böen eller hagen. Der rakar dei lauvet saman og gjev kyrne etter kvart.

Derimot brukte dei å rake lauv om hausten og hadde det til å breide under sauer og griser. Det var barnarbeid.

Oktober 1948.

2193